

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Forskrift om register for utestengte studenter- RUST- høyringsvar frå Høgskulen i Sogn og Fjordane

Høgskulen i Sogn og Fjordane har vurdert framlegg til forskrift om register for utestengte studenter – RUST. Høgskulen sluttar seg i hovudsak til forskrifta slik den er formulert, men foreslår ei endring i § 2 Registerets formål.

§2 Registerets formål

Andre setning: *Opplysninger i registeret skal gi sikker identifikasjon av den registrerte ~~ved søknad om opptak ved andre institusjonar~~*

Vi foreslår å ta vekk siste del av setninga. Grunngevinga er at opplysningar i registeret skal nyttast til fleire forhold enn søknad om opptak ved andre institusjonar, til dømes å hindre at personar kan melde seg opp til eksamen ved annan institusjon enn der han er utestengd. Høgskulen meiner setninga alternativt bør omtale alle forhold registeret skal omhandle.

Med helsing

Kari Thorsen
Seniorrådgjevar